



Møre og Romsdal fylkeskommune



Sogn og Fjordane fylkeskommune



Vanylven kommune



Selje kommune

Fiskeri- og kystminister Helga Pedersen
Postboks 8118 Dep
0032 OSLO

Leikanger 01.11.2006

SØKNAD OM BREIARE VURDERING AV STORLEIK OG NYTTEVERDI AV STAD SKIPSTUNNEL.

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel har i snart eit år arbeidd for å gjere forprosjektet for Stad skipstunnel meir kjent, og har i den samanheng fått kontakt med mange ulike aktørar.

I løpet av dette året er prosjektgruppa for Stad skipstunnel vorten merksam på fleire nye moment i saka, som vi vil melde vidare til Fiskeri- og Kystministeren. Vi meiner at desse momenta er eit viktig grunnlag for å søke om at saka vert utsett slik at vi kan få ei breiare vurdering av prosjektet.

Prosjektgruppa er kjend med bestillinga som Stortinget har gitt Fiskeri- og Kystdepartementet, men vil sterkt understreke kor viktig det er at innspela frå dei framtidige brukarane av Stad skipstunnel vert tekne på alvor.

Det har gått fleire år sidan Kystverket vurderte Stad skipstunnel med omsyn til storleik. Samfunnet er i utvikling og innspela vi har fått, syner at det er mange ting som har endra seg. Krav til kvalitet, tryggleik, miljø, konkurrans, regularitet, leveringstryggleik, kommunikasjon, infrastruktur og totalt stabile rammevilkår underbyggjer at sjølve storleiken på Skipstunnelen bør vurderast på nytt.

Ein delegasjon frå Hurtigruta, ved konserndirektør Henrik Andenes, kaptein Arne Gran Ernstsén, kaptein Herlof Vidding og reiar Per Sævik i møte med statssekretær Vidar Ulriksen, stortingsrepresentantane Reidar Sandal, Svein Gjølseth og Bendiks H. Arnesen, og medlem av prosjektgruppa for Stad skipstunnel, ordførar Jan Helgøy og ordførar Gunn Helgesen, hadde møte på Stortinget 26/10 – 06. På møtet kom det fram sterke ynskje og gode argument frå hurtigruteselskapa om ei breiare og grundigare utgreiing med omsyn til storleiken på Stad skipstunnel.

Administrerande direktør Ottar Johansen i Nor Line har framheva at Stad skipstunnel er eit prosjekt som er viktig for skip som fraktar gods. Containerskipa sitt behov for storleik på skipstunnelen, er tilsvarande det hurtigrutene vil trenge. NTP og Soria Moria - erklæringa har mellom anna som mål å få meir gods frå land til sjø, men det er ikkje mogeleg å ivareta kvaliteten, regulariteten og leveringstryggleiken forbi Stad utan Stad skipstunnel. Denne manglande tryggleiken, knytt opp mot værtilhøva, medfører at det i dagens godstransport ikkje er gode nok vilkår for å frakte gods på kjøll.

Reiseliv er eit satsingsområde i landet. Både hurtigruta, hurtigbåten og den aukande småbåttrafikken langs kysten, vil ved bygging av Stad skipstunnel få ei opa og stabil lei forbi Stad. Stad er i dag ei fysisk barriere på Vestlandet, som set ein effektiv stopp for hurtigbåttrafikk og det meste av lystbåttrafikken.

Nærøyfjorden og Geirangerfjorden er kåra til det flottaste og beste verdsarvområdet av det verdskjende amerikanske magasinet ” National Geographic Traveler”. Dei norske fjordane er tidlegare kåra til verdast beste reisemål av same tidsskrift. Stad skipstunnel er ein verdsattraksjon i seg sjølv, men den kan også medverke til å binde desse verdsarvområda saman gjennom hurtigbåtsamband, og den vil difor medverke til å auke den generelle turiststraumen til Noreg. Verdien av Stad skipstunnel har vore peika på av fleire tunge aktørar innanfor reiselivet, mellom andre administrerande direktør i Fjord Norge Terje Devold og direktør NHO Reiseliv Bjørn Bjerke.

Leia langs kysten er den viktigaste transportvegen for alle som bur langs kysten, medan Stadhavet er den viktigaste grunnen til avbrot i ferdsla. Næringslivet, passasjerar, og ikkje minst fiskerinæringa, der kravet til transportkvalitet og gode logistikklysingar heng nøye saman, er avhengig av at denne transportvegen er open og fungerer. Dei negative økonomiske konsekvensane Stadhavet i dag har for fiskerinæringa er svært høge.

Dette er eit svært viktig prosjekt for framtidig satsing og utvikling.

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel har brukarane av leia langs kysten med oss når vi no krev at Stad skipstunnel vert breiare vurdert med omsyn til storleik og nytteverdi.

Med helsing

Jon Åsen



fylkesordfører
Møre og Romsdal fylkeskommune

Nils R. Sandal



fylkesordfører
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Jan Helgøy

[sign.]

ordfører
Vannylven kommune

Gunn Helgesen

[sign.]

ordfører
Selje kommune